

ÅRSMELDING 2021

– SOGNDAL IL FOTBALL



Onsdag 2. mars 2022.

Sogndal Fotball
Postboks 164
6851 Sogndal
www.sogndalfotball.no



Visjon:
Utviklingsarena for toppfotball

Kjerneverdiar:

*Ambisiøse

*Utviklende

*Inkluderande

*Ærlege

Organisasjon

Styret i Sogndal Fotball har i 2021 vore samansett slik:

- Jan Rune Årøy, leiar
- Margrete Svidal, nestleiar
- Trude Ramstad, styremedlem
- Einar Ylvisåker, styremedlem
- Ingvar Stadheim, styremedlem
- Andrea Solbakken, representant frå breiddestyret

Sogndal IL Fotball hadde ved årsskifte 8 administrative stillingar og 13 stillingar i sportsleg avdeling inkludert A-lag og utviklingsavdeling. I tillegg kjem spelartropp. Det vart i 2021 oppretta ei ny stilling som breiddekoordinator i klubben som tek seg av alt i breidda. Erling Ola Fykse kom inn i den jobben. Ole Erik Grinde er for tida konstituert dagleg leiar. Eirik Bakke har vore hovudtrenar.

Det har vore gjennomført 8 protokollerte styremøter, og behandla 39 saker. I tillegg til dei 8 styremøta er det halde fleire drøftings- og orienteringsmøter. Styret har og hatt fleire uprotokolerte samlingar i samband med tilsetting av ny Dagleg leiar. Styret er elles ofte samla rundt ulike event.

Arbeidsmiljøet i verksemda er godt. Det har vore lite langtidssjukemelde i klubben. Verksemda ureinar ikkje det ytre miljø meir enn tilsvarande verksemder.

Styret og leiinga ynskjer å fremje likestilling i klubben, og er klar over dei samfunnsmessige forventningane det er knytt til dette arbeidet.

Coronaåret

Til liks med 2020 har har også Sogndal Fotball i 2021 vore sterkt prega av coronasituasjonen. Sjølv om A-laget starta oppkøyringa 15. januar vart ikkje serien sparka i gang før 15. mai.

Hovudsamarbeidspartnarar

Klubben nyt godt av langsiktige og stabile samarbeidspartnarar, og våre to generalsponsorar Sparebanken Vest og Lerum har bidrege gjennom mange år. Begge desse avtalane vart fornya og forlenga i 2021 noko me er særslig glade for. Begge desse samarbeidspartane er uvurderlege i klubben sin ambisjon om å komme tilbake til eliteserien.

Sportsleg resultat a-laget

Inngangen til 2021 var spennande på mange vis. Det kom inn fleire spennande navn i troppen, samstundes som fleire med litt rutine gjekk ut og vidare til andre klubbar. Med coronautsetting av seriestarten i tillegg var det knytt stor spenning til seriestarten som ikkje vart blåst igang før 15. mai med ein publikumsbegrensing på 600. Dette talet vart auka til 2 000 frå 25 juni. Frå 2 oktober vart det opna for normal kapasitet.

Sesongstarten vart ikkje akkurat slik me hadde håpa. Første seriekamp var heime mot Ull/Kisa, og kampen enda 1-1. Dette vart fulgt opp med 2-1 tap borte mot Stjørdals-Blink, og eit 2-1 tap heime mot Fredrikstad i runde 3. Etter siste runde enda me på 42p og 40-35 i måskilnad. Dette resulterte i kvaliklass mot KFUM Oslo borte. Ein kamp som enda 2-1 til dei, og dermed var sesongen over.

I NM kom me til runde 3 der det vart tap 2-0 heime mot Åsane.

Akor Jerome Adams vart Sogndal sin mestscorande i Obos-ligaen med 10 mål.

Årsmelding Sogndal 2

Sogndal 2 spilte i 2021 i 3. div avd. 4 Norsk Tipping-ligaen. Grunna coronasituasjon vart heile vårsesongen avlyst. Serien ble halvert og laga møtte kvarandre kun ein gang. I ein sesong som ble komprimert, ble SIL 2 utfordret med at mange av våre 2006 og 2005 måtte «bære» laget. Ned fra a-laget fikk vi hovedsaklig Noah Solskjær, Peter G Michael, Henri Järvelaid og Tobias Bjørnebye, se bort i fra Sandviken(b) og Bjarg(h) der flere a-spillere bidro.

De to nevnte kampene er der de to poenga ble «vunnet». Gode prestasjoner mot Stord(b) av Andreas Kalstad(2006) og Sander Kilen(2005). Kampen mot Brann2(b) ble en real utfordring der Brann benytter flere eliteseriespillere og vi får gode prestasjoner fra Jørgen Johnsen og Marius Årøy(2005). Det ble overvektig av kamper der uerfarne 16-åringar måtte stå i det.

Debutanter i 3.div:

Andreas Kalstad 2006
Mathias Øren 2006
Viljar Stavø 2006
Noah Heggestad 2006
Daniel Sætren 2006
Sondre Midtgjell 2005
Marius Årøy 2005
Sander Kilen 2005
Lidvin Hestetun 2005
Ingvar Kolbjørnsen 2005
Kristian Stenhaug 2005
Andreas Duesund 2005
Erik Flataker 2004
Sondre Andersen 2004
Stian Heggelund 2004
Marius Ylvisåker 2004
Mikal Dahlen 2002

Sesongen vart gjennomført med at vi ikke oppnådde hovudmåla.

Målet må være å rykke opp til 3.div og ha det som utviklingssamtale så fort som mulig.

Årsmelding G19

Hovudmålet var å få mange referansekamper på Nasjonalt nivå(NM). Tap i runde 1 borte mot Fyllingsdalen viser litt hvor ungt lang vi hadde etter sommeren, men forhåpentligvis så tar våre 2006 og 2005 med seg erfaringene og utvikler seg til å bli toppspillere i klubb.

Trenrarar: Patrik Karoliussen - Nils Tore Krosshaug – Lars Grønningsæter

Støtteapparat: Morten Rørstadbotten og Pål Sletten.

Plass	Lag	Kamper	Poeng
1	Brann G16	10	28
2	Viking G16	10	25
3	Molde G16	10	23
4	Sogndal G16	10	20
5	Haugesund G16	10	20
6	KBK G16	10	18
7	Vålerenga G16	9	17
8	Sandefjord Fotball G16	10	16
9	Aalesund G16	10	15
10	Bodø/Glimt G16	10	15
11	Strømsgodset G16	10	15
12	Stabæk G16	9	14
13	Odd G16	10	12
14	Rosenborg G16	10	12
15	Lillestrøm G16	10	12
16	Start G16	10	11
17	Åsane G16	10	9
18	Sarpsborg 08 G16	10	9
19	Kongsvinger G16	10	8
20	Fredrikstad G16	10	7
21	Tromsø G16	10	7
22	Mjøndalen G16	10	0

Økonomi

Rekneskapen for 2021 syner eit underskot på kr 3.246.526,- mot eit budsjett på – kr 0,-.

Underskotet i 2021 skuldast i hovudsak bortfall av markedsinntekter og kamp- og arrangementsinntekter som fall bort grunna corona og som me ikkje har fått dekka gjennom krisepakkane. Noko av underskotet skuldast også auka driftskostnader og husleige i ny hall, samt auka energikostnader. I tillegg gjorde skadar og spelarsal ein vesentleg auke i lønskostnader på innleige av spelarar.

Eigenkapitalen i verksemda er på kr 14.643.891,- ved utgangen av 2021. Konsolidert eigenkapital som ligg som grunnlag for klubblisensen er også positiv.

Styret stadfestar at føresetnaden om at drifta skal halde fram er til stade og at dette er lagt til grunn ved utarbeidning av årsrekneskapen.

Verv i NFF

Håvard Flo	Disiplinærutvalet
Margrethe Svidal	Konkurranseutvalet
Arild Hopen	Lisensnemda

I tillegg har vi fleire tilsette knytt til landsлага som t.d. Terje Skjeldestad i U21.

Breiddefotball øvrig

Når det gjeld breiddefotballen, viser styret til eigne årsmeldingar frå dei ulike laga og breiddestyret.

Lerum Cup
Vart avlyst i 2021 grunna corona.

Samfunnsutvikling:

Fosshaugane Campus utviklar seg stadig, og gjennom 2021 har det vore eit fullt driftsår i Innovasjonsbygget. Det vart i januar opna ein ny idrettshall i tilknyting til storhallen der Sognahallen AS er byggherre.

Styret i Sogndal Fotball vil rette ei takk til frivillige, tilsette, samarbeidspartnarar og alle andre som har bidrege i løpet av sesongen. Dette er eit viktig fundament for klubbdrifta.

Sogndal 2. mars 2022

Styret i Sogndal IL Fotball

Jan Rune Årøy
-styreiar-

Margrete Svidal
- nestleiar-

Ingvar Stadheim
- styremedlem-

Trude Ramstad
- styremedlem-

Einar Ylvisåker
-styremedlem-

Andrea Solbakken
-styremedlem

Årsrekneskap 2021 Sogndal Idrettslag Fotball

**Resultatrekneskap
Balanse
Notar til rekneskapen**

Org.nr.: 980 973 689

Resultatrekneskap
Sogndal Idrettslag Fotball




Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2021	2020
Salsinntekt	4	38 905 519	7 147 575
Anna driftsinntekt		6 616 225	29 907 119
Sum driftsinntekter		45 521 744	37 054 695
Varekostnad	5	5 996 265	3 758 622
Lønskostnad	1, 4	27 983 564	22 176 989
Avskriving	2, 3	1 488 986	1 242 966
Annan driftskostnad	1	13 002 196	12 251 120
Sum driftskostnader		48 471 012	39 429 697
Driftsresultat		-2 949 267	-2 375 002
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		26	8 450
Anna finansinntekt		8 300	0
Rentekostnad til føretak i same konsern	4	204 979	167 449
Annan rentekostnad		89 986	25 241
Annan finanskostnad		10 620	0
Resultat av finanspostar		-297 258	-184 240
Ordinært resultat før skattekostnad		-3 246 526	-2 559 242
Ordinært resultat		-3 246 526	-2 559 242
Ekstraordinære inntekter og kostnader			
Arsresultat	8	-3 246 526	-2 559 242
Overføring			
Overført til udekt tap		3 246 526	2 559 242
Sum overføringer		-3 246 526	-2 559 242

Balanse
Sogndal Idrettslag Fotball

Eigenkapital og gjeld	Note	2021	2020
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital		25 251 610	25 251 610
Sum innskoten eigenkapital		25 251 610	25 251 610
Opptent eigenkapital			
Udekt tap		-10 607 719	-7 361 193
Sum opptent eigenkapital		-10 607 719	-7 361 193
Sum eigenkapital	8	14 643 891	17 890 417
Gjeld			
Avsetjing til plikter			
Øvrig langsiglig gjeld			
Gjeld til kreditinstitusjonar		0	2 000 000
Langsiktig konserngjeld	4	7 602 392	5 749 068
Sum anna langsiktig gjeld		7 602 392	7 749 068
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kreditinstitusjonar		1 229 870	0
Leverandørgjeld	4	2 837 890	3 493 979
Skyldige offentlege avgifter		2 761 982	2 341 318
Anna kortsiktig gjeld		3 153 256	3 317 721
Sum kortsiktig gjeld		9 982 998	9 153 018
Sum gjeld		17 585 391	16 902 086
Sum eigenkapital og gjeld		32 229 282	34 792 502

03.03.2022

Styret i Sogndal Idrettslag Fotball

 Jan Rune Arøy styreleiar	 Margrethe Svidal nestleiar	 Ingvar Stadheim styremedlem
 Trude Ramstad styremedlem	 Andrea Strand Solbakken styremedlem	 Ole Erik Grinde dagleg leiar
	 Einar Ylvisåker styremedlem	

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og NRS 8, God regnskapsskikk for små foretak.

Driftsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsførte etter kvart som dei blir leverte.

Skatt

Idrettslaget er ikkje skattepliktig jfr. skattelovens §2-32.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidlar

Anleggsmidlar omfattar eigedalar som er sette av til varig eige og bruk. Anleggsmidlar er vurderte til innkjøpskostnad. Varige driftsmidlar blir balanseførte og skrivne av over den økonomiske levetida deira. Avskrivningsperioden for fast eigedom som er kjøpt etter 2009, er dekomponert i ein del som gjeld råbygget, og ein del som gjeld faste tekniske installasjonar. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til beløpet som kan attvinnast ved verdifall som er venta å ikkje vere forbigeande. Beløpet som kan attvinnast, er det høgste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av framtidige kontantstraumar som er knytte til eigedelen. Nedskrivinga blir reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidlar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfall til betaling seinast eitt år etter balansedagen, og postar som gjeld varekrinsløpet. Omløpsmidlar blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi.

Aksjar i datterselskap

Datterselskap blir vurderte etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. Investeringa er vurdert til innkjøpskostnad for aksjane, med mindre nedskriving har vore nødvendig. Det er gjort nedskriving til verkeleg verdi når verdifall skriv seg frå årsaker som ikkje kan ventast å vere forbigeande, og når ein må rekne det som nødvendig etter god rekneskapskikk. Nedskrivinga blir reversert når grunnlaget hennar ikkje lenger er til stades.

Utbute, konsernbidrag og andre utdelingar frå datterselskap er inntektsførte same året som det er sett av i rekneskapen til gjevaren. Dersom utbytet/konsernbidraget overstig den delen av resultatet som er tent opp etter innkjøpstidspunktet, utgjer den overskytande delen tilbakebetaling av investert kapital. I utdelingane er det gjort fråtrekk for investeringsverdien i balansen til morselskapet.

Varer

Varer er vurderte til det lågaste av innkjøpskostnad og netto salsverdi.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar blir ført opp til pålydande verdi etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

Note 1 Lønskostnader og antall årsverk

Lønskostnader

	2021	2020
Løningar	22 744 309	15 858 402
Arbeidsgjevaravgift	2 933 788	1 850 217
Pensjonskostnader	367 063	368 872
Andre ytингar	407 465	2 039 815
Innleidd arbeidskraft frå selskaper i same konsern	1 530 940	2 059 683
Sum	27 983 564	22 176 989

Selskapet har i 2021 sysselsett 53 årsverk.

Note 2 Anleggsmiddel

	Bygningar og tomter	Maskiner og anlegg	Driftsløsøre, inventar ol.
Innkjøpskostnad pr. 01.01.21	1 911 780	129 023	1 869 279
= Innkjøpskostnad 31.12.21	1 911 780	129 023	1 869 279
Akkumulerte avskrivningar 31.12.21	1 881 780	92 468	1 724 483
= Bokført verdi 31.12.21	30 000	36 555	144 796
Ordinære avskrivningar dette året	10 000	25 805	202 286
Økonomisk levetid	10-20 år	10 år	3-5 år
Avskrivningsplan			3-5 år
		Storskjerm	Sum
Innkjøpskostnad pr. 01.01.21	1 562 871	5 472 953	
= Innkjøpskostnad 31.12.21	1 562 871	5 472 953	
Akkumulerte avskrivningar 31.12.21	1 562 871	5 261 602	
= Bokført verdi 31.12.21	0	211 351	
Ordinære avskrivningar dette året		238 091	
Økonomisk levetid	10 år		
Avskrivningsplan			

Note 3 Aktive spelarrettar

	2021
Kostpris 01.01	3 071 130
Tilgang 2021	959 101
Avgang 2021	-1 487 092
Kostpris 31.12	2 543 139
Akkumulerte avskrivningar 31.12	1 297 840
Bokført verdi	1 245 299
Årets avskrivning	1 335 846

Note 4 Dotterselskap

Sogndal Idrettslag Fotball eig 100%v aksjane i Sogndal Fotball AS, som gjev Sogndal Idrettslag Fotball 100% av stemmene i selskapet. Sogndal Fotball AS har forretningskontor i Sogndal. Årsresultatet for perioden 01.01-31.12.2021 var på kr. 5 174 186. Balanseført eigenkapital var per 31.12.2021 kr. 44 386 785. Sogndal Fotball AS eier 100% av Idrettssenteret AS.

Desse interne transaksjonane har funne stad i 2021:

	Beløp	Interngevinst
Vare og tjeneste sal til Sogndal Fotball AS	0	0
Vare og tjeneste sal til Idrettssenteret AS	269 525	0
Vare og tjeneste kjøp til Sogndal Fotball AS	6 263 914	0

Vare og tjeneste kjøp til Idrettssenteret AS	110 219	0
Rentekostnad Sogndal Fotball AS	204 979	
	2021	2020
Leverandørgjeld til Sogndal Fotball AS	769 595	0
Langsiktig gjeld til Sogndal Fotball AS	7 602 392	5 749 068

Note 5 Varer

Varelager	2021	2020
Lager av innkjøpte handelsvarer	572 384	559 540
Sum varelager	572 384	559 540

Samla varelagerverdi for Sogndal Idrettslag Fotball per 31.12.2021 er vurdert til innkjøpskost.

Note 6 Kundefordringar

	2021	2020
Kundefordringar til pålydande	4 062 174	1 431 632
Avsetning til tap	170 000	170 000
Balanseført verdi av kundefordringar 31.12	3 892 174	1 261 632
Endring i avsetning til tap	0	0
Realiserte tap	0	9 934
Sum resultatførte tap på krav	0	9 934

Kostnadsført tap er klassifisert som annan driftskostnad i rekneskapen.

Note 7 Bankinnskot

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr 1 129 260.

Note 8 Eigenkapital

	Selskaps- kapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Pr. 31.12.2020	25 251 610	-7 361 193	17 890 417
Årets resultat		-3 246 526	-3 246 526
Pr 31.12.2021	25 251 610	-10 607 719	14 643 891

Note 9 Vidare drift

Resultatet for 2021 viser eit overskot på kr -3 246 526 etter skatt, mot kr -2 559 242 i 2020. Soliditeten og likviditeten er framleis god, og det er ikkje noko som indikerer at drifta ikkje kan halde fram. Sogndal Idrettslag Fotball sin drift vil framleis vere verdifull. Inntektsregimet for drifta gjev ikkje rom for store overskot. Sjølv om inntektsramma for 2021 auka vesentleg, er det framleis ganske usikkert korleis inntektsregimet vil utvikle seg framover. Styret vurderer at det framleis er føresethader for vidare drift og legg det til grunn for arbeidet sitt.

Til årsmøtet i Sogndal Idrettslag Fotball

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Konklusjon

Vi har revidert Sogndal Idrettslag Fotballs årsregnskap som består av balanse per 31. desember 2021, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoene og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettvisende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2021, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoene i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants utstedt av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlige for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgjøre en revisionsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i regnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter

revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelateler, uriktige fremstillinger eller overstyring av internkontroll.

- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnaksprinsippene er hensiktsmessige og om regnakspestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på hensiktsmessigheten av ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen ved avleggelsen av årsregnskapet, basert på innhentede revisjonsbevis, og hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet inntil datoен for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikke fortsetter driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettvisende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Sogndal, 8. mars 2022

Deloitte AS



Anne Britt Hjelmeseter
statsautorisert revisor